

Har knabba hundre sekkar med ved

HØYANGER: Nokon har stole om lag hundre sekkar med ved frå Coop i Høyanger. – Dette ser me på som grovt tjuveri, og difor har me meldt saka til politiet, seier disponent Anne Sofie Andvik, til Ytre Sogn. Ho oppmodar folk som har tips i saka om å ta kontakt med Coop eller lensmannskontoret i Høyanger.

Treft av kran i hovudet

ÅRDAL: 45-åring vart lettare skadd i eit arbeidsuhell ved Hydro på Årdalstangen. Mannen vart sendt til Førde sentralsjukehus etter arbeidsuhellet natt til tysdag. Den skadde vart treft i hovudet av ein kran idet han kom opp ein leider frå under golvnivå, opplyser politiet, som tysdag førmiddag var på staden. Arbeidstilsynet er varsla. Saka vert etterforska vidare ved Årdal lensmannskontor.

Narko og våpen

SOGN TINGRETT: Bergensaren i 30-åra måtte i Sogn tingrett svara for både sal, oppbevaring og bruk av narkotika. I tillegg til to brot på våpenlova. Det mest alvorlege var kjøpt og oppbevaring av metamfetamin, noko som isolert sett tilsa ei fengselsstraff på ti månader. Retten finn likevel å ta omsyn til at mannen i ettertid er diagnostisert med ADHD og har slutta med narkotika. Med det som utgangspunkt har dei fastsett straffa til 210 timar samfunnsstraff.

Danskar i trøbbel

ÅRDAL: To menn frå Danmark gjekk seg skorfaste ved Baklistigen i Utladalen i går ettermiddag. Eit Sea King-helikopter fekk henta ned dei to danskane litt før klokka 17. – Ingen av turgåarane var skadde, og dei vert frakta ned til Øvre Årdal, opplyste politiet i går.

Betaler meir i skatt

LEIKANGER: Det fjerde og siste av oppgjera for 2010 vert lagt ut i dag. 82.570 skattebetalarane i Sogn og Fjordane vart det til saman utlikn milliardar kroner i direkte skattar og avgifter i 2010. Dette er ein auke på millionar kroner frå året før, opplyst av Skatteetaten. I fylkinga i Vest. 66.035 skattebetalarar i fylkinga saman tilbakebetalt 774,3 millionar kroner.

Fleirtalet sa nei til Statkraft

■ ■ Mindretalet trur på NVE

GAUPNE: Det sprakk både i Ap og Sp sine partirekkjer då dei folkevalde i Luster sa nei til Statkraft med 16 mot 13 røyster.

Dermed seier eit fleirtal i Luster kommunestyre nei til det framsette tilbodet om kva kommunen kan venta seg i byte for ei utbygging av Vestsideldelane og Vigdøla i Jostedalen. Vedtaket er faktisk nei, sjølv om det mellom linene blir ståande ei dør på gløtt. No blir det opp til Statkraft om denne døra skal ri lenger ut på hengslene sine.

Ballen er død

På fotballspråket kan ein etter gårdsdagens dramatiske møte i Luster kommunestyre seia at fleirtalet legg ballen død. Skal ballen koma i spel att, er det opp til Statkraft og setja ballen i rørsle. Og ballen er naturlegvis kraftgiganten sitt, slik dei ser det i Luster, elendige innspel på kva som kan koma på tale av kompensasjonar og inntekter om Luster let resten av Jostedalen bli frigjeve for utbyggingsformål.

Ønskeliste

Mindretalet på 13 seier ja til Statkraft sine planar i Jostedalen, men dei sender samstundes i veg ei ti punktts smørbrødsliste. Denne omfattar krav om eit konsesjonsfond på 25 millionar kroner, tunnelmasse fritt disponert i regi av kommunen, årlege løyvingar på 500.000 for naudsynt vedlikehald i hovudelva, traktorveg til Sagerøyelva, restvassføring i Fonndøla, omlegging av Leirdalskryss, tett dialog lokalt næringsliv/utbyggjar, opprustning av vegen til Vigdalen og bru mellom Espe og Gjerde.

Attende til bordet

Under fleirtalet sitt vedtak ligg det ein strategi som tek sikte på å få Statkraft attende til forhandlingsbordet. Mindretalet trur ikkje det skjer, difor er dette vedtaket eit uttrykk for at prosessen no siglar inn på NVE sitt bord, for å bli der.

Det er i siste omgang NVE som tek stilling til konsesjonsvilkåra. Det er såleis på det reine at fleirtalet har sterkare tru på at det er råd å få

kraftgiganten attende i reelle tingingar.

Ikkje reelt

Det er eit faktum at den statlege energikolossen ikkje har brydd seg med å tinga om vilkåra.

– Reelle tingingar kom aldri i gang, seier ordføraren. I debatten var indignasjonen over fråveret av reelle forhandlingar til stades i nesten alle partia. Fleire representantar som til vanleg er venleg stemt for kraftutbygging rista på hovudet over arrogansen. Debatten var difor langt på veg ein kraftkommunes oppgjer med det ein oppfatar som ein stadig grådigare statleg forlenga hand ned i Luster si syltetykrukke.

Foten ned

Berre Venstre gjekk inn for å banka eit stort og endeleg nei til meir utbygging i Jostedalen. Men denne gongen var det Sp som meisla ut den nymorske haldninga til kraft i Luster.

– Det handlar om å markera, om å setja foten ned, seier Ivar Kvalen, frå Sp, påtroppande ordførar.

Han seier det er best å vera tydeleg. – Me er tydelege på kvifor me seier nei, kommunen sit att med altfor lite, seier han.

Partisprekk

Han klarer halda 5 av 7 i partiet sitt attende på fleirtalsvedtaket. Framlegget fekk elles støtte frå Ap (5), Frp (3), Venstre (2) og SV (1), totalt 16. På den andre sida samla Ap dei 5 andre i gruppa, partiet sprakk såleis på midten. Hærførar for ja-folket i Ap var Anders Bolstad.

– Ja, eg trur toget går, det er no me skal seia ja eller nei, seier Anders Bolstad, som kunne gle seg over å vera i selskap med KrF (4), Høgre (2) og Sp (2).

Sitt siste ord

Statkraft fekk passet påskrive i debatten i går. Sterkast ut mot giganten gjekk Ernst Veum, Frp, trigga av ein referert samtale mellom ordførar Torodd Urnes og Statkraft sin forhandlingsleiar, Jon Håheim. Sistnemnde gjorde det heilt nysst, i ein telefonsamtale, tindrane klart at Statkraft hadde sagt sitt siste ord.

■ ■ Statkraft ikkje høgt i kurs



FOR OG IMOT: Statkraft sine to, regiondirektør Svein Ove Slinde, til venstre, og Kåre Hønsi, påtroppande teknisk Skjæret og Oddmund Hoel, med ryggen til.

Driftssentralen

Ernst Veum rasa over det regionale Statkraft som i sitt siste innspel løfta fram driftssentralen i Gaupne som eit relevant kort å setja i spel.

– Me gjer klokast å ikkje nemna driftssentralen med eitt ord, Stortinget har vedteke at Statkraft skal ha denne i Gaupne, det er såleis slik at dette er og blir ei ikkje-sak, seier han.

Kravet om å få ha driftssentralen i fred vart då også avstått som eitt av ti punkt på smørbrødslista til mindretalet.

Retten i munnen

Også lustrarådmann Tore Eriksen tok bladet frå munnen i si merknad til dei folkevalde. Rådmannen gav uttrykk for at han var svært forbausa over kraftgiganten sitt innspel.

– Eg undrar meg over det brevet, seier Tore Eriksen, og

finn det besynderleg at Statkraft gjer seg i veg med å skildra kva grunneigarane har i utsikter.

– Denne sida av kompensasjonen har ingenting med kommunen å gjera, her bør ein halda tunga rett i munnen, seier rådmannen.

Jadel og neidel

Medan Anders Bolstad leia den ja-venlege halvdel av Ap, tok syskena Buskaker, Bergljot og Ivar, seg av nei-fraksjonen. Sistnemnde har liten tru på at Statkraft skal koma til å lida av eit varig tap av interesse for Jostedalen.

– Det er nesten som at jerven brått skulle bli totalt uinteressert i sau, seier Ivar Buskaker.

Vedtaket

I fleirtalet sitt vedtak heiter det at Luster seier nei til Stat-

kraft sine planar i Jostedalen. Det blir synt til rådmannen si saksutgreiing, som konkluderer tydeleg negativt, og elles halde fram at det ikkje er eit akseptabelt forhold mellom vinst og ulempe slik utbyggjar har skissert bae deler. Fleirtalet av folkevalde i Luster rår såleis til at NVE ikkje gjev konsesjon til dei omsøkte inngrepa.

I vedtaket blir det kraftig understreka at Luster er lei av å avstå vassdragsnatur på premissar som blir dregne opp frå sentralt hald.

Tilhøyrarar

Det var 30–40 tilhøyrarar under handsaminga av sak 69 i kommunestyresalen i går. Avtroppande ordførar Torodd Urnes trur det må vera tilhøyrarrekord for fireårsbolken. Frå aksjonistane si side var det betinga glede etter

leiar for den planlagde utbygginga, i sxamtale med Bjørn Andre



SAMKØYRDE: Anders Bolstad, som representerte halve Ap-gruppa, og Terje Bakke Nævdal frå Høgre, i ferd med sy ihop det som skulle bli mindretalet sitt framlegg då dei folkevalde debatterte Statkraft si nye jostedalsutbygging.

gårdsdagens avgjerd.

– Debatten var i det alt vesentlege venleg innstilt til utbygging, seier Bjørn Andre Skjæret, og sakna resonnement som fokuserte på naturkvalitetane som er i

spel. – Me er likevel nøgde så langt, seier Jostedalsaksjonen sin talsmann.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no